

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Bergen, 30.06.2014

Høringsuttale Dalatjørna kraftverk, Kvam herad

Viser til brev av 26.3.2014 med søknad frå Fjellkraft AS om løyve til utbygging av Dalatjørna Kraftverk i Kvam herad.

Samandrag

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) er negativ til den planlagte utbygginga, fordi den medfører store negative konsekvensar i form av fare for tap av biologisk mangfald, raudlisteartar og truga naturtypar. Nytteverdien av utbygginga kan på ingen måte vega opp for summen av dei skadene som utbygginga påfører naturmiljøet.

Generelt om tiltaket

Kraftverket vil utnytta fallet på 135 meter i bekken frå Dalatjørna ned i Indredalen i Kvam, mellom kote 280 og kote 145, med kraftstasjon i dagen. Frå inntaket skal vatnet gå 720 meter i fjell, deretter 180 meter i tildekt røyrgate, tilsaman 910 meter. Dalatjørna skal demmast opp med 4 meter, med ein 20 meter lang demning.

Hydrologi

Nedslagsfeltet for Dalatjørna er 7.24 km². Middelvassføringa er 610 l/s og minstevassføringa lik 5-persentilane, som er 37 l/s om sommaren og 35 l/s om vinteren. Nedanfor inntaket er det eit restfelt på 0.35 km², som vil bidra med 25 l/s slik at vassføringa nede ved kraftstasjonen er ca 60 l/s. Dette gir ein installert effekt på 1.7MW og ein årsproduksjon på 4.74 GWh. Hydrologikurvane viser at i eit tørrår vil restvassføringa ikkje vera nok til å overstiga minstevassføringa, men i våtår er det enkelte korte episodar med høgre restvassføring, dei fleste om vinteren. Påstanden på s. 21 i konsesjonssøknaden om at «det er ikke uvanlig med flommer som har vannføring 5-10 ganger middelvannføringen» kjem dermed i eit underleg lys.

Biologisk mangfold

Berggrunnen i området er ei blanding av grønstein og amfibolitt i øvre deler rundt Dalatjørna, og lenger nede fyllitt og glimmerskifer, noko som gir eit næringsrikt jordsmonn. Dette verkar inn på dyre- og plantelivet langs vassdraget, og fører til eit rikt artsmangfold. Området har tidlegare vore beitemark, men er no dominert av rik edellauvskog, gjengroingskog og granplantefelt. Det går framleis dyr og beitar i området.

Terrestrisk miljø

Det er registrert tre prioriterte (truga) naturtypar i vassdraget (DN handbok nr 13), nemleg:

(1) Bekkekløft/bergvegg

Nedover frå Dalatjørn renn bekken i ei kløft med rik edellauvskog på sidene. Kløfta dekker eit areal på 47.4 daa og dominerande treslag er alm, ask og hassel, i feltsjiktet fins eit stort mangfold av til dels sjeldne og kravfulle artar som svartburkne, grønburkne, myske, junkerbregne og kvitsoleie. Potensialet for raudlisteartar er stort, men mose- og lavfloraen er ikkje registrert i den biologiske rapporten frå Ecofact, noko som er klart i strid med kravet om kunnskapsbasert forvaltning i Naturmangfoldlova §8. Likevel seier rapporten at «mosefloraen er rik med mange kalkkrevende fjellarer, og området har potensial for sjeldne artar», og på s. 24 i søknaden står det at «flere av de registrerte moseartene gir gode indikasjoner på at rødlisterarter forekommer». I samandraget i søknaden s. 24 er fem av desse kravfulle moseartane nemnt (skortejuvmose, puteplanmose, bergkrokodillemose, storklokkemose og piskeflakmose), men frå andre tilsvarande lokaliteter veit vi at det kan finnast opptil 30-40 ulike mose- og lavartar i ei einaste bekkekløft. Det hadde vore av interesse å få ei fullstendig liste over desse i bekkekløfta frå Dalatjørn.

Ein reduksjon på 95% som planlagt i vassføringa frå Dalatjørn vil påføra vegetasjonen av mose- og karplanter i bekkekløfta store skader og føra til tap av artsmangfold og eventuelle raudlista artar.

(2) Slåttemark

I nedre delen av influensområdet, nær kraftstasjonen er det ei relativt bratt slåttemark på 3.4 daa mellom plantefeltet og dyrka mark. Slåttemarker er ein truga naturtype fordi dei er avhengige av kontinuerleg slått og beiting, utan å vera gjødsle. Berggrunnen er rik, og floraen dominert av kravfulle artar som kvitbladtistel, svartknoppurt og krattlodnegras. Den planlagde nedgravne rørygata vil gå tvers over denne slåttemarka, og dermed påføra skade i ein naturtype som blir stadig meir sjeldan på grunn av endra driftsformer i landbruket.

(3) Rikmyr

På nordsida av Dalatjørna, aust for bekken er det ei rikmyr på 8.6 daa med svak helling slik at vi får ein gradient frå vatnet opp til fastmark av meir eller mindre

vasstilpassa planter. Berggrunnen er rik med kravfulle planter som myrsaulauk og kroktorvmose, og karakteriserast som rikmyr. Denne myra vil bli heilt neddemt ved den planlagde utbygginga, der Dalatjørna er tenkt oppdemt med 4 meter. Dette er eit alvorleg inngrep i ein truga naturtype.

Utbyggar har også med eit alternativ utan oppdemming, men sidan det medfører litt mindre produksjon og er mindre lønsamt, tilrår utbyggar alternativet med oppdemming.

Akvatisk miljø

Det står i søknaden s. 26 at det er ein «bestand av småvokst ørret» i Dalatjørna, men at bekken er lite eigna for fisk, bortsett frå eventuelle individ av ål, men det er ikkje registrert ål eller andre fiskeslag i bekken. Oppdemminga av Dalatjørna vil verka negativt på eventuell aurebestand på langt sikt, og den sterkt reduserte vassføringa i bekken vil sterkt redusera leveområdet for både fisk og eventuelle botndyr

Fugl og pattedyr

Registreringa strekte seg over berre ein dag, nemleg 26.8.2011 og må difor nødvendigvis bli ufullstendig og usikker. Det blei ikkje observert hekkande fossefall i bekken, men det er sannsynleg at den fins der, og at den vil få leveområdet sitt redusert ved ei eventuell utbygging. Andre truga fugleartar er ikkje observert.

Det er observert leveområde for hjort både sørvest og søraust for Dalatjørna og bekken ut frå den, og det er difor sannsynleg at hjorten også fins i influensområdet.

Tilleggsinformasjon

Naturvernforbundet Hordaland og Bergen og Hordaland Turlag har gjort eit informasjonssøk og funne viktige opplysningar som ikkje er nemnt i konsulentrapporten frå Ecofact. I ein viltrapport utgitt av Kvam herad og Fylkesmannen i Hordaland (2002) står det at deler av eit påtenkt hyttefelt i Åsen, like vest for Dalatjørna og nord for garden Solberg ligg innanfor prioritert viltområde nr 18. Dette området, som kallast Lauvsetmarka, er om lag 5400 daa (5.4 km²), og Dalatjørna ligg innanfor dette viltområdet og like sør for Lauvsetvatnet. Her er spel plassar for storfugl og orrfugl og nokre tjørner med salamander. Det er og registrert hekkplass for hubro i området. I rapporten står det: «*Det er sjølvsagt viktig å ta omsyn i områda nær førekomstane av stor salamander og hubro*». Førekomstane er ikkje omtala vidare i rapporten og er unnateke offentleg innsyn. Planane om kraftverk og oppdemming av Dalatjørna kan koma i konflikt med førekomsten av desse raudlista artane (hubro og stor salamander), ved at vatnet blir oppdemt og ved at hubroen får reirplassane sine

forstyrra av utbygginga i anleggsfasen, Det same gjeld tiurbestanden og eventuelle kalvingsplassar for hjort.

Landskap og friluftsliv

Det står i søknaden s. 28 at «Redusert vannføring nedenfor inntak vil gi redusert opplevelsverdi både på avstand og ved ferdsel langs elva.» Fotomontasjen i konsulentrapporten gir inntrykk av eit urørt vassdrag med stort naturmangfald og villmarkspreg, og at utan vatnet vil naturtypen (bekkekløfta) få sterkt redusert opplevingsverdi. I tillegg vil den 180 meter lange og 20 meter breie røyrgatetraseen setja spor som vil vera synlege i lang tid i slåttemarka.

Når det gjeld inngrepsfri natur (INON) så er det rett at det ikkje medfører nokon reduksjon i sone 2 (1-3 km), men det er ikkje opplyst at den medfører ein reduksjon på ca 5 km² i sone 1 (3-5 km) og om lag dobbelt så mykje i ”villmarkspregete områder” (> 5 km).

Samla belastning

I Kvam herad er det frå før mange små og mellomstore kraftverk som har fått konsesjon eller har søkt om konsesjon dei siste åra, særleg etter at ordninga med grøne sertifikat blei innført. Dei 6 kraftverka som er utbygd eller har fått konsesjon, er tilsaman på 112.5 MW med ein årsproduksjon på 657.1 GWh, av dette utgjør Bjølvo kraftverk over halvparten. I tillegg er det planlagt tre fleire kraftverk (Tokagjelet, Øystese, Skåro) på 52 MW og 154 GWh, som enno ikkje har fått konsesjon. Til samanlikning utgjør Dalatjørna 1.7 MW og 4.7 GWh i tilleggproduksjon, altså ei relativt lita uutbygging, der skadene på naturmiljøet ikkje står i noko forhold til gevinsten i form av kilowatt.

Konklusjon

Naturvernforbundet Hordaland meiner at dei verdiane som Dalatjørn-vassdraget representerer i form av urørt natur og stort biologisk mangfald, langt overstig det vassdraget kan gi i form av ny energi. Utbygginga vil føra til tap av truga naturtypar og verka negativt på alle dyr og planter som er avhengige av rennande vatn, slik som fossefall og den moglege førekomsten av raudlista storsalamander, når vassføringa i bekken blir redusert med 90-95%, og den vil verka forstyrrende på hubrobstanden og på spelplassar for storfugl og orrfugl, særleg i anleggsfasen.

NVH meiner dessutan at konsesjonssøknaden må avvisast fordi verknadene av redusert vassføring ikkje er godt nok kartlagt, mellom anna ved at det ikkje ser ut til å vera gjort noko fullstendig registrering av mose- og lavartar i vassdraget. Vi minner om Naturmangfaldlova der det heiter i §9:

«Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.»

Når det gjeld samla belastning for alle dei 12 omsøkte småkraftverka i Kvam, Fusa og Samnanger kommunar, viser vi til felles uttale frå Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) i Hordaland.

Med venleg helsing

for Naturvernforbundet Hordaland

Synnøve Kvamme
Leiar

Oddvar Skre
saksbehandlar

Kopi til

- Miljøverndepartementet, 8013 Dep, 0030 Oslo
- Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 Oslo
- Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavinga, Postboks 7310, 5020 Bergen